

Handsaming i Kommunestyret 16.11.2017:

Framlegg frå Frp v. Halvor Lognvik:

Terskelbygging i regulerte elvar, fyrst langs ferdselsårer og i bebygde strøk.

Framlegg frå H v. Arne Skogheim:

Endringar i kap. 12:

Pkt. 2.4 – Ståvatn

Frå 1. juli til 1. oktober må vatnet fyllast opp til HRV og haldast fullt med omsyn til estetikk og sjøflytrafikk.

Pkt. 3.3 – Ferdsel i Songa

Molo ved Berunuten og Fjarefithytta

Konkretisering av krav (vedlegg 1 i saka):

Pkt. 1.4 – Bora - tillegg

Det må også etablerast heilårleg minstevassføring i nedre del av Bora vassdraget frå Venemo til Tveitevatn, minst Q95. Denne miljøvassføringa må ha høg prioritet.

Pkt. 2.6 – Bordalsvatn

Endring:

Mjukt fyllingskrav til kote 886, som er 5 meter under HRV, i perioden 1. juli til 15. august endrast til 1. juli til 15. september. Siste setning i avsnittet går ut.

Viser for øvrig til følgjande vedlegg blir tatt inn som tillegg i saka:

Brev frå Haukeli – Edland Grendelag til Vinje kommune, datert 06.11.17

E-post frå Arne Skogheim til NVE og Vinje kommune, datert 13.09.17

Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

Kapittel 12

Pkt. 1.5 – Kåvsåe

Miljøbasert vassføring nedstraums Våmardam på Q 95 frå 1. juli – 1. september.

Framlegg frå Ap v. Børre Rønningen:

Miljøvassføring og miljøtiltak i prioritert rekkefylgje:

Lukking av bekkeinntak:

1) Leirli/Åmot 2) Haugebekken

Bør truleg presisere at Leirli = Restnedbørsfeltet frå Totak til Leirli-inntaket.

2) Registrering av miljøvassføring, skilting og merking:

Informasjon om vasstand i reguleringsmagasin og vassføring i elvar der det er pålegg om miljøvassføring bør vere tilgjengeleg på nett.

Røysting:

Framlegget Lognvik vedkomande terskelbygging blei vedteke med 21 mot 4 røyster

Framlegget frå Skogheim: Endringar i kap. 12, Pkt. 2.4 – Ståvatn – blei vedteke med 24 mot 1 røyst.

Framlegget frå Skogheim: Endringar i kap. 12, Pkt. 3.3 – Ferdsel i Songa – blei samrøystes vedteke.

Framlegget frå Skogheim: Konkretisering av krav (vedlegg 1 i saka), Pkt. 1.4 – Bora – blei samrøystes vedteke

Framlegget frå Skogheim: Pkt. 2.6 – Bordalsvatn – blei vedtek med 19 mot 6 røyster.

Framlegget frå Skogheim vedkomande å legge til vedlegg blei vedteke med 23 mot 2 røyster.

Framlegget frå Høgetveit: Kapittel 12, Pkt. 1.5 – Kåvsåe blei samrøystes vedteke

Framlegget frå Rønningen vedkomande Leirli blei vedteke med 23 mot 2 røyster.

Framlegget frå Rønningen vedkomande registrering av miljøvassføring, skilting og merking blei vedteke med 24 mot 1 røyst.

Ein røysta deretter over vedlegg 1 med vedtekne endringar. Dette blei samrøystes vedteke.

Vinje kommunestyre godkjenner vedlegg 1, med nemnde endringar nedanfor, som gjeldande krav til nye vilkår for Tokke/Vinje-konsesjonane.

Tillegg til vedtakspunkt: «... med desse endringane:»

Endringar i vedlegg 1:

s. 1, 5. avsnitt: Ordet Tokke endrast til «Vinje».

s. 8: Nytt tredje avsnitt til underpunktet 3.1.3: «Det er viktig for landskapsopplevinga at det er minstevassføring i elvene gjennom Åmot sentrum. Det krev at det sleppast miljøvassføring i Vinjeåi og frå Totak/Hyllandshylen/Leirli (Tokkeåi) gjennom Åmot sentrum, sjå og rapport 49/2013.»

s. 12, ny siste setning til andre avsnitt: «Nye dokument funne i oktober d.å. som visar at Statkraft under bygginga av Lio kraftverk sin utløpstunnel senka nivået i Helveteshylen med ca. 3,5 meter forsterkar ansvaret ytterlegare.»

s. 14, ny siste setning på sida: «Opplivinga av landskapet for allmenta må tilleggjast mykje større vekt. Noko som forsterkar dette er at Vinje kommune er Noregs 4. største hyttekommune og ein stor reiselivskommune med over 100 000 overnattingsdøgn pr. år i turisthytter, hotell, utleigehytter og campingplassar. Vinje kommune er inngang til Hardangervidda nasjonalpark. Det er òg eit moment at 7 mil av E-134 går gjennom kommunen – mykje langs dette vassdraget. Opplivinga av landskapet for allmenta må vege tyngre når Vinje er ei så stor reiselivskommune som vi er.»

s. 15, fyrste avsnitt etter andre punktum, ny setning: «Då er sjølvpålagte restriksjonar lite verdt.»

s. 15, andre avsnitt siste punktum: «Det skal ikkje vere naudsynt for konsesjonæren å disponere regulert vatn ut frå eit tørrårsperspektiv, men ut frå at det kjem normalt tilsig.»

s. 15: Avsnitt 4.2 og 4.3 blir sletta, og erstatta av eit nytt avsnitt: «Vinje kommune visar til krav om formalisering av magasinrestriksjonar som er sendt inn i 2010 og i 2013. Desse krava er uendra.»

s. 16, avsnitt 5 under punkt 5: Ordet «truleg og ordet «kunne» strykast.

s. 16, avsnitt 6 under punkt 5: Ordet Tokke endrast til «Vinje».

s. 21: avsnitt 2.5. Ny siste setning: «Statkraft skriv i sitt revisjonsdokument frå 2013 på s. 57 at ei simulering visar at eit mjukt fyllingskrav til 964 i Songa ikkje vil føre til tap av Gwh og kunn eit tap på kr. 1 million i eit gjennomsnittår. Det er ein låg kostnad sett opp mot kor stor positiv miljøverknad det vil ha for ålmenta».

s. 21: avsnitt 2.6, ny siste setning: «... og kan fråfallast dersom det blir minstevassføring i Bora gjennom Gjøsløysdalen, sjå kommunen sitt krav frå 2013.»

s. 21: avsnitt 2.7. Ny siste setning: «Statkraft skriv i sitt revisjonsdokument frå 2013 på s. 55 at ei simulering visar at eit mjukt fyllingskrav i Kjela vil gje eit tap på 2 Gwh og ingen reduksjon i inntekter.»

s. 22, til punkt 3.3 bokstav a, ny siste setning: «Før reguleringa gjekk det ferje over vatnet her, og det var trygg is om vinteren. Brua er for ålmenta si ferdsel over vassdraget.»

s. 23, nytt punkt 3.5. (Evt. at dette blir punkt 3.4., og at 3.4. blir 3.5.: «Helleristningsfeltet Sporanen må sikrast.»

Terskelbygging i regulerte elvar, fyrst langs ferdselsårer og i bebygde strøk.

Endringar i kap. 12:

Pkt. 1.5 – Kåvsåe

Miljøbasert vassføring nedstraums Våmardam på Q 95 frå 1. juli – 1. september.

Pkt. 2.4 – Ståvatn

Frå 1. juli til 1. oktober må vatnet fyllast opp til HRV og haldast fullt med omsyn til estetikk og sjøflytrafikk.

Pkt. 3.3 – Ferdsel i Songa

Molo ved Berunuten og Fjarefithytta

Konkretisering av krav (vedlegg 1 i saka):

Pkt. 1.4 – Bora - tillegg

Det må også etablerast heilårleg minstevassføring i nedre del av Bora vassdraget frå Venemo til Tveitevatn, minst Q95. Denne miljøvassføringa må ha høg prioritet.

Pkt. 2.6 – Bordalsvatn

Endring:

Mjukt fyllingskrav til kote 886, som er 5 meter under HRV, i perioden 1. juli til 15. august endrast til 1. juli til 15. september. Siste setning i avsnittet går ut.

Viser for øvrig til følgjande vedlegg blir tatt inn som tillegg i saka:

Brev frå Haukeli – Edland Grendelag til Vinje kommune, datert 06.11.17

E-post frå Arne Skogheim til NVE og Vinje kommune, datert 13.09.17

Miljøvassføring og miljøtiltak i prioritert rekkefylgje:

Lukking av bekkeinntak:

1) Leirli/Åmot 2) Haugebekken

Bør truleg presisere at Leirli = Restnedbørsfeltet frå Totak til Leirli-inntaket.

2) Registrering av miljøvassføring, skilting og merking:

Informasjon om vasstand i reguleringsmagasin og vassføring i elvar der det er pålegg om miljøvassføring bør vere tilgjengeleg på nett.